

## DIALOGBASERT AREALUTVIKLING PÅ JÆREN

I dette byregionprosjektet vil jærkommunane Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå etablere eit breitt dialognettverk/-forum bestående av både offentlege og private arealinteressentar/-utviklarar. Fou-partnarar er Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) og Bioforsk Vest.

Målsetjinga er å utforska og utvikla felles samskapte visjonar og scenarier for berekraftig arealutvikling på Jæren langs ein by-land-akse. Dialog skal utprøvast som metode for reell interessentmedverknad i krevjande arealsaker.



Prosjektet tek utgangspunkt i dei mange arealkonfliktane i regionen, konflikhtar som berre vert meir og meir krevjande grunna rask befolkningsvekst i både byar, tettstader og bygder over heile Jæren (meir enn 140 000 menneske pr 01.01.14). Det fysiske arealet er særst avgrensa og skal romma både rask by- og tettstadutvikling, mangfaldig næringsvekst, ny infrastruktur, landets mest produktive landbruk, veksande behov for friområde og store natur- og kulturverneverdiar.

At mange konflikhtar oppstår mellom både private og offentlege interesser i arealsaker, indikerer behov for nye og kreative tilnærmingar til medverknad og kollektiv deltaking i planleggings- og utviklingsprosessar. I dette byregionprosjektet vil deltakande kommunar og samarbeidspartnarar prøva ut institusjonalisert aktørdialog som modell for arealutvikling. Der diskusjon er eit nullsumspel, handlar dialog om å utvikla visjonar og idear i fellesskap med fleire aktørar/interesser på eigarsida.

### **Hovedtema er dialog som verdiskapingsverktøy:**

Verdiskaping er lite vektlagt i tradisjonelle tilnærmingar til «medverknad», som t.d. høyringsprosessar og/eller informasjonsmøte.

Dialogen har derimot alltid samskaping som mål: Eit nytt perspektiv/blikk på eit fenomen gjer dette fenomenet større, meir omfattande og potensielt meir verdfullt. Dialogutvikla/samskapte løysingar har potensielt stor berekraft ettersom mange ulike aktørar har medverka nedanfrå.

**Hovudmål:** Utvikling av visjonar, idear og/eller modellar for arealutvikling med eit breitt kollektivt eigarskap.

**Delmål 1:** Dialog som metode for medverknad skal utviklast, utprøvast og skreddarsyast for å inkludera flest moglege interessentar/landskapsaktørar i kompliserte arealsaker på Jæren.

**Delmål 2:** Utvikling av eit institusjonalisert dialognettverk av offentlege landskapsaktørar, arealbaserte næringar samt relevante interesseorganisasjonar.

**Delmål 3:** Kunnskapsbygging i deltakande kommunar.

Prosjektet byggjer vidare på dialogpiloten «Jærsmiå» som alt er i gang på Jæren. I denne tankesmiå/dialogforumet møtest 16 profilerte representantar for forskning og utvikling, landbruk, offentleg planlegging, utbygging, næringsforening, natur-/kulturvern og friluftsliv i jærregionen. Styringsgruppa for prosjektet er Jærrådet. Ansvar for fagleg gjennomføring ligg ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB). Privat næringsliv på Jæren og Fylkesmannen i Rogaland medverkar med finansiering.

Potensielle samarbeidspartnarar:

Haugalandet, Sunnhordland, Hamar, Lillehammer m.fl.